

KLAGE OG KRAV OM TILSYN OG AVKLARING

Bruk av areal, nydyrking, forureining, byggjesak og bustadbruk

Gnr. 196 bnr. 5, Kvinnherad kommune

Til: Kvinnherad kommune – postmottak / landbruk / miljø / byggesak

Frå: Hege Mehammer Tofte

Dato: 23.4.26

Innleiing og bakgrunn

Eg viser til bruken av eigedom gnr. 196 bnr. 5 i Kvinnherad kommune, og til ei rekkje observerte forhold som gir grunnlag for å stille spørsmål ved om eigedomen vert nytta i samsvar med gjeldande løyve og regelverk innan jordbruk, nydyrking, forureining og plan- og bygningslova.

På bakgrunn av desse forholda fremjar eg med dette både ei formell klage og eit krav om at kommunen gjennomfører tilsyn, og tek stilling til om bruken av eigedomen er i samsvar med gjeldande rett.

Kort samandrag

Etter mi vurdering vert delar av eigedomen nytta på ein måte som går utover det som kan reknast som ordinær jordbruksdrift og lovleg nydyrking. Forholda omfattar mellom anna:

- dumping av hageavfall og framande artar
- bruk og lagring av ureine massar og avfall på dyrka og nydyrka areal
- nydyrking av myr før gyldig løyve førelåg
- dokumentasjon på dyrkingsområde «Grønhaug»
- spørsmål knytt til utslepp av husdyrgjødsel
- oppføring av driftsbygning utan kjent byggjeløyve

Desse forholda kan innebere brot på vilkår knytt til nydyrking, forureiningsregelverket og plan- og bygningslova, og utløyer etter mi vurdering kommunen si tilsyns- og oppfølgingsplikt.

Rettsleg ramme (kort)

Løye til nydyrking og jordbruksdrift gir berre adgang til tiltak som er sakleg og agronomisk naudsynte for etablering og bruk av jordbruksareal.

Bruk av dyrka eller nydyrka areal til opplag, lagring av avfall, ureine massar , containerar, tankar eller teknisk utstyr fell utanfor ramma av jordbruksføremål og krev sjølvstendig vurdering og eventuelt løye etter relevant regelverk, mellom anna forureiningslova og plan- og bygningslova.

Kommunen har etter loverket ikkje berre heimel, men plikt, til å føre tilsyn når det vert varsla om forhold som kan vere ulovlege.

Oversiktskart som viser funnstader

Blå ring: Mogleg driftsbygning utan løyve?

Raud ring: Mogleg dyrking utan løyve, men fått godkjent i ettertid?

Gul merknader: Forureina område



Forhold det vert klaga på

Dumping av hageavfall og framande artar

Det er observert dumping av hageavfall i randsoner og nærliggjande naturområde knytt til dyrka og nydyrka areal. Avfallet omfattar vegetasjon med rotsystem, inkludert artar som framstår som framande. Hageavfall vert etter forureiningslova rekna som avfall, og dumping i natur er ikkje tillaten.



Bruk og lagring av ureine massar på jordbruksareal

På dyrka og nydyrka areal er det observert materiale som openbert ikkje kan reknast som reine massar, mellom anna eternit, metall, dekk og plast. I tillegg vert det lagra gamle diesel- og glassfibertankar ute på jordbruksareal, og plassert containerar på nydyrka område.

Ut frå terrengendringar, oppfylling og visuelle observasjonar er det òg grunn til å stille spørsmål ved om avfall og ureine massar kan vere heilt eller delvis gravne ned i grunnen. Dette gjeld materiale som ikkje er synleg på overflata, men som kan vere dekt av massar i samband med oppfylling og planering.

Slik handtering av avfall vil, dersom den har funne stad, vere i strid med føresetnadene for jordbruksdrift og nydyrking, og kan utløyse krav om oppfølging etter både forureiningslova og plan- og bygningslova.



Nydyrking av myr før løyve førelåg

Det vart sett i gang nydyrking i myrområde før gyldig nydyrkingsløyve var gitt. Kommunen vart varsla om dette fleire ganger. Løyve ser ut til å ha blitt gjeve først etter at store delar av tiltaket alt var gjennomført. Nydyrking av myr er særskilt regulert og krev gyldig løyve før oppstart.

Då myrområdet ligg heilt inntil vår eigedom, får bruken av ureine og forureina massar direkte konsekvensar utanfor tiltakshavar sitt areal. At avfall og materiale frå nydyrkingsområdet vert observert på vår eigedom, viser at tiltaket ikkje er tilstrekkeleg avgrensa eller sikra, og at massane ikkje burde vore nytta i myr. Dette utgjer etter mi vurdering eit forhold som må følgjast opp etter både nydyrkingsregelverket og forureiningslova.



Spørsmål knytt til utslepp av husdyrgjødsel

Det har vore ei hending der det vart observert utslepp av betydelege mengder husdyrgjødsel frå driftsbygning, som rann i vegetasjon og overvannsrør, langs veg og i retning sjø. Eg ber kommunen avklare:

- om denne hendinga vart varsla i tråd med regelverket for akutt forureining
- kva eventuelle tiltak er utført i ettertid for å unngå liknande hendingar
- om utsleppet krev vidare oppfølging.

Oppføring av driftsbygning i eigedomsgrensa

Det er oppført ei driftsbygning heilt i eigedomsgrensa mot naboeigedom. Etter det eg kjenner til er det ikkje søkt om byggjeløyve, og det er uklart om det ligg føre dispensasjon eller nabosamtykke. Oppføring av slike bygg er søknadspliktig etter plan- og bygningslova.

Krav

På bakgrunn av dei forholda som er skildra ovanfor, krev eg at Kvinnherad kommune:

1. gjennomfører tilsyn på eigedomen og dokumenterer funn i tilsynsrapport
2. tek stilling til om bruken av areala er i samsvar med gjeldande løyve og regelverk
3. avklarar om det er nytta eller lagra avfall og ureine massar i strid med regelverket og vurderer konsekvensen av dette
4. vurderer behov for pålegg om stans, retting eller opprydding, med fristar
5. journalfører og gjer tilgjengeleg dokumentasjon frå tilsynet

Frist for svar

Eg ber om skriftleg stadfesting innan 11. mai for

(i) plan for tilsyn og tidspunkt for gjennomføring, eller

(ii) grunngjeving dersom kommunen meiner oppfølging ikkje er naudsynt.

Med helsing

Hege Mehammer Tofte